

Sentraladministrasjonen

Dato : 12.12.2005
Vår ref. : 05/1835-3/GA-V84/
Dykkar ref. :

Saksbehandlar : Geir Johan Groven
Telefon : 61 21 61 99
Telefaks : 61 21 61 91



**Nord-Fron
kommune**

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdep	
05/1753	58
1400	ASR/ASRL
IEK	161

Postadresse
Postboks A
2639 Vinstra

Telefon
61 21 61 00

Telefaks
61 21 61 01

E - p o s t
postmottak@
nord-fron.
kommune.no

www.
nord-fron.
kommune.no

Bankgiro
2095.06.05775

Bankgiro skatt
7855 05 05168

HØYRING - NY FORSKRIFT OM SKOGFOND MV.

Utval for landbruks-, utmarks og miljøsaker har i møte 07.12.2005, sak 078/05
fatta følgjande vedtak i saka:

Utval for landbruks-, utmarks og miljøsaker har følgjande merknader til høyringsutkastet.

- §2 -3, pkt. 4 må gjevast slik ordlyd:
Ved uttak av skogsvirke i bygdealmenning er det almenningsstyret som har ansvaret
for at det blir sett av midlar til eige skogfond.
- §2 -5, siste ledd må gjevast slikt tillegg:
Bygdealmenningene melder berre ved årets slutt.

Vedlegg: Møtebok sak 078/05.

Med helsing


Geir Johan Groven
skogbrukssjef



Nord-Fron kommune

Møtebok

HØYRING - NY FORSKRIFT OM SKOGFOND MV.

Utval	Saksnr	Møtedato	Saksbehandlar
Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker	078/05	07.12.2005	GGR

Saksansv.: Geir Johan Groven	Arkiv: GA-V84	Arkivsaknr.:	2005001835
	Objekt:	Journalpost:	2005006290

Vedlegg:

1. Høyringsbrev m/ utkast til ny forskrift om skogfond mv., Landbruks- og matdepartementet 28.10.2005.

Utrykte vedlegg:

1. Forskrift om forvaltning og bruk av rentene av skogavgifta (rentemidla), fastsett 15.02.1994.
2. Forskrift om forvaltning og bruk av renter av skogavgifta som trekkast inn til Landbruksdepartementet (sentralt trekte inn rentemiddel), fastsett 18.02.1994.
3. Forskrift om bruk mv. av skogavgift, fastsett 20.04.1994.
4. Forskrift om innbetaling av skogavgift og måling av skogsvirke mv., fastsett 12.06.1995.

Bakgrunn for saka:

Landbruks- og matdepartementet har sendt på høyring utkast til ny forskrift om skogfond mv. Den nye lova om skogbruk (skogbrukslova), som blei fastsett 27.05.2005, skal tre i kraft frå 01.01.2006. I §§ 14-16 er det gitt føresegnar om skogfond mv., som kjem i staden for føresegnene om skogavgift mv. i den gjeldande skogbrukslova. Det er derfor nødvendig å lage nye utfyllande reglar på dette området.

Høyringsutkastet inneber at ein framover berre skal ha ei forskrift om skogfond, medan det etter gjeldande skogbrukslov er fem forskrifter knytt til skogavgift og rentemidlane av inneståande skogavgift.

Satsane for innbetaling til skogfond vil såleis etter dette gå fram av den samla forskrifta og ikkje bli fastsett kvart år. Reglane er elles og noko nedkorta, og justert i forhold til gjeldande praksis og nye system for kontoføring.

Departementet opnar for at ein skogeigar innafor same kalenderår skal kunne auke satsen for innbetalinga av skogfond også etter at avsetjinga er registrert og berekna, noko som er nytt i forhold til tidlegare praksis.

Høyringsfristen er sett til 12.12.2005.

Rådmannsleiinga si vurdering:

Høyringsutkastet inneber at ein framover berre skal ha ei forskrift om skogfond (*skogfond* erstattar *skogavgift* i ny forskrift). Ein ser det som udelt positivt at det blir gjort ei forenkling når det gjeld talet på forskrifter knytt til den nye skogbrukslova.

Høyringsutkastet er ei samanfating og ei justering av dei fem forskriftene som etter gjeldande skogbrukslov er knytt til skogavgift og rentemidlane av inneståande skogavgift. Ein har såleis ingen merknader til innhald og tekst i høyringsutkastet.

Administrasjonssjefen legg saka fram for utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker med slik:

Innstilling:

Utval for landbruks-, utmarks og miljøsaker har ingen merknader til høyringsutkastet.

LUM-078/05 07.12.2005 Behandling:

Finn Hellebergshaugen la frå slikt forslag til vedtak:

Utval for landbruks-, utmarks og miljøsaker har følgjande merknader til høyringsutkastet.

1. §2 -3, pkt. 4 må gjevast slik ordlyd:
Ved uttak av skogsvirke i bygdealmening er det almeningsstyret som har ansvaret for at det blir sett av midlar til eige skogfond.
2. §2 -5, siste ledd må gjevast slikt tillegg:
Bygdealmeningene melder berre ved årets slutt.

LUM-078/05 07.12.2005 Vedtak:

Forlag lagt fram i møtet vart samrøystes vedtatt.

Nord-Fron kommune, 12.12.2005


Kari Larssen Brenna